

Årsmøte-resolusjon frå Gulen Høgre

Til Gulen Kommune

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Hordaland Fylkeskommune

Krav om to ferjer på strekninga mellom Sløvåg i Gulen og Leirvåg.

Det har vore mange brot på regulariteten gjennom dei siste åra som fører til forseinkingar og dårleg framkommelegheit. Til tider er det spesialtransport som også forstyrrer regulariteten og kapasiteten på sambandet grunna sterk auke i næringsaktiviteten i Skipavik Næringspark og Ytre og søre del av Gulen kommune.

Gulen Høgre vil på denne bakgrunn kreve at det blir sett inn to ferjer på strekninga Leirvåg – Sløvåg:

Trafikken mellom Sløvåg og Leirvåg har gjennom dei siste åra mangedobla seg, og fulle ferjer er ikkje nok særst, det er difor på tide med kapasitetsauke og ferjeavganger som ikkje er opptekne med andre oppdrag, som svekker både kapasitet og regularitet.

Er ferja ute av drift blir det fort fleire timar uten at det er mogeleg å krysse Fensfjorden mellom Sløvåg og Mongstad/Bergen. Mongstad, Nordhordland og Bergen er for Gulen, viktig arbeids og pendler område og destinasjon for ferskvaretransport.

Å sette inn to ferjer, gjerne to mindre ferjer, på sambandet ville betre beredskap og regulariteten betydelig. Bortfall av ei ferje i spesialoppdrag eller av andre årsaker blir då ikkje så merkbar og ødeleggende for den øvrige transportnæring.

Å sikre regularitet, hyppighet og kapasitet er og bør være ei overordna målsetting i dei fleste ferje samband. Viktig ferskvare transport, oljeriggar som skal klargjerast for nye oppdrag i 2018 -2019 treng pendleraktivitet og sysselsetting frå Nordhordland som eit nært felles arbeids og bu område.

Ei ferje nr. 2 fører til at sambandet får halvtimes avganger mot i dag ein i timen. I andre ferjesamband tilbyr ein og finn heilt nødvendig ei ordning med 20 minutts avganger, ambisjonane i dette sambandet på Fv 57 må ligge i nærleiken, i det minste med 30 minutts avgangar.

Næringslivet på nordsida av Fensfjorden har, trass i at det har vore nedgang i sysselsettinga mange andre plasser på vestlandet, hatt jevn og god utvikling og vekst også i nyskaping av næringar. Slik utvikling og aktivitet krev at myndighetene følgjer opp med absolutt nødvendig infrastruktur og eit tilfredsstillande ferjetilbud. I høve den sterkt aukande trafikken, særleg nyttetrafikken, er det noværande ferjetilbudet for dårleg i forhold til hyppighet, spesielt samanlikna med andre samband.

Gulen Høgre krev at Fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland snarleg og på nytt vurderer mulighet for å få to ferjer i sambandet mellom Sløvåg og Leirvåg og at Gulen kommune engasjerer seg i og intensiverer arbeidet med å styrke dette ferjesambandet.

Vedtaket i Årsmøtet 25. Nov. 2017 i Gulen Høgre

Arve Mjømen Leiar Gulen Høgre

tlf 90548175